



Bjørn Ove Aaen Martinsen
Titlandsvegen 281
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1436 - 16/14852

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
02.06.2016

Søknaden er trekt - saka vert arkivert utan handsaming gbnr 129/1 og 2 Titland søndre

Vi viser til dykkar søknad datert 13.04.16, supplerings søknad dagsett 20.05.16, telefonsamtale og epost datert 25.05.16.

Søknaden er trekt jf. epost datert 25.05.16 og saka vert arkivert utan handsaming.

Til orientering

Tiltaket kjem ikkje inn under untaksreglane for driftsbygging i landbruket. Skildra og omsøkt tiltak er søknadspliktig etter plan- og bygningslova § 20-2 bokstav a, jf. § 20-3 tiltak som krev ansvarsrettar.

De må ta kontakt med eit føretak/entreprenør som kan forestå søknaden for dykk, nemnde vil og kunne svare på dykkar spørsmål i høve krav til minireinseanlegg og oljeutskiljar.

Omsøkt tiltak vil krevje søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel som gjeld for perioden 2011-2023.

På innsendt situasjonsplan er minsteavstand frå takutstikk til vegmidte synt til å vere 15 meter, men avstandskravet i høve offentleg veg vil og i dette høve gjelde for terrenngrep og planering (fyllingsfot) i samband med oppføring av tiltaket, de kan nytte tidlegare utsendt blankett med omsyn til søknad om dispensasjon frå avstandskrav til offentleg veg.

Tiltaket vil og krevje søknad om løyve til utvida bruk av eksisterande avkøyrsløp til offentleg veg.

Før det ligg føre dispensasjon frå LNF-føremål og løyve til tiltak etter plan- og bygningslova har de ikkje høve til å starte opp gravearbeid.



Lovbestemte sakshandsamingsfristar med omsyn til søknad om dispensasjon går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. byggesaksforskrifta § 7-4 og er fastsett til 12 veker, skildra tiltak vil ved søknad om dispensasjon verte sendt til uttale hjå anna mynde, så de må pårekne 16 veker sakshandsaming.

Til dykkar informasjon.

Med helsing

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Bjørn Ove Aaen Martinsen

Titlandsvegen 281 5912

SEIM